

# MØTEBOK

## Ungdommens fylkesting

**Dato:** 13. februar 2015  
14. februar 2015  
15. februar 2015

**Kl.:** 16.00-18.00  
10.00-18.00  
10:00-14:30

**Stad:** Quality Hotel Edvard  
Grieg, Bergen

### Punkt 1. Opning

Agnes Hoshovde Bernes, leiar i Ungdommens fylkesutval.

Mona Haugland Hellesnes, fylkesvaraordførar.

### Punkt 2. Namneoppog og godkjenning av fullmakter

Ingeborg Borgen Takle heldt namneoppog.

Desse møtte:

D1	Hoshovde Bernes	Agnes	UFU, leiar
D2	Johanson	Gard	FU, nestleiar
D3	Engen Fredheim	Cecilie	UFU, medlem
D4	Kleppe	Vegard	UFU, medlem
D5	Hellestveit	Benedicte	UFU, medlem
D6	Hidle	Hedda	UFU, medlem
D7	Helle	Lars	UFU, medlem
D8	Hegdal	Stine	UFU, varamedlem
D9	Kvarme	Andreas	Askøy
D10	Synnevåg	Åsmund	Askøy
D11	Namtvedt Pedersen	Erik	Austevoll
D12	Nordeide	Johanna Malena	Austevoll
D13	Blytt	Martin	Bergen
D14	Strønen Riise	Anniken	Bergen
D15	Eidesvik	Robert	Bømlo
D16	Grønnevik	Anne Magrete	Bømlo
D17	Garen	Katrine Riber	Eidfjord
D18	Myklatun	Maria	Eidfjord
D19	Tvedt	Henrik	Fjell kommune
D20	Ørjansen	Henriette	Fjell kommune
D21	Vik	Sindre	Granvin
D22	Kalsaas	Aleksander	Granvin Herad
D23	Steine	Carl Sander McClellan	Kvam
D24	Botnen	Sigbjørn Lillevik	Kvam herad
D27	Seim	Miriam	Lindås
D28	Eikefet	Oda Mo	Modalen

D29	Kjensli	Alva	Modalen
D30	Birkelid	Line Vik	Osterøy
D31	Reigstad	Tarikwa	Osterøy
D32	Rikstad	Aleksander	Radøy
D33	Risnes	Stian Valdersnes	Radøy
D34	Langeland	Silje-Mari	Samnanger
D35	Skjerve	Ramona	Samnanger
D36	Framnes	Sunniva Grov	Stord
D37	Spissøy	Kristoffer	Stord
D38	Johannessen	Cecilie King	Sveio
D39	Vandaskog	Geir Andre Staupe	Sveio
D40	Hautveit	Sunniva	Ullensvang
D41	Lothe	Ørjan Måkestad	Ullensvang
D42	Thorbjørnsen	Alma	Ulvik
D43	Øydvin	Cecilie	Ulvik
D44	Hatland	Jakob	Voss
D45	Lanesskog Berg	Henrik	Voss
Observatører:			
O1	Risvand Mo	Erlend	Desisjonskomiteen, leiar
O2	Kienitz	Oskar	Samnanger
Gjester:			
G3	Nygård	Dag Henrik	Sogn og fjordane
G4	Eidsaune	Henna	Sør-Trøndelag
G5	Sunde	Atle	Sør-Trøndelag
G6	Milovanovic	Marija	Nordland
G7	Hammernes	Ronja	Nordland
G8	Strømmen	Lars Henrik Nesse	Gjest
G9	Vatnøy	Maria	Gjest
G10	Stavik Hustad	Asgeir	Ordstyrar
G11	Nilssen	Narve	Ordstyrar
G12	Haugland Hellesnes	Mona	Fylkesvaraordførar
G13	Borgen Takle	Ingeborg	HFK
G14	Kilvær	Dianne	HFK

D= Delegat (tale-, forslags- og stemmerett)

O= Observatør (tale- og forslagsrett)

G= Gjest

G2 Oskar Kienitz søkte om å få observatørstatus ved Ungdommens fylkesting 2015.

### Røysting

Det var 41 røysteføre under røystinga.

Kienitz sin søknad vart innvilga mot 6 røyster.

Fullmaktene vart samrøystes godkjente.

### Vedtak

Ungdommens fylkesting godkjenner fullmaktene, med Oskar Kienitz som observatør nummer 2.

### **Punkt 3. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting godkjenner innkallinga og forslaget til dagsorden.

**Agnes Hoshovde Bernes** la på vegner av Ungdommens fylkesutval fram forslag om følgjande endringar til dagsorden:

«Handsaming av vedtekter kjem inn som nytt punkt 14.  
Handsaming av handlingsprogram med satsingsområde vert nytt punkt 15.  
Val av Ungdommens fylkesutval vert nytt punkt 16.»

#### **Røysting**

Innstillinga med Bernes sitt forslag vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting godkjenner innkallinga.

Ungdommens fylkesting godkjenner dagsorden med slik endring:  
Handsaming av vedtekter kjem inn som nytt punkt 14.  
Handsaming av handlingsprogram med satsingsområde vert nytt punkt 15.  
Punkt 15: Val av Ungdommens fylkesutval vert punkt 16.

### **Punkt 4. Val av møteleiarar**

#### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vel Asgeir Stavik Hustad (Møre og Romsdal) og Narve Nilssen (Hordaland) som møteleiarar.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Asgeir Stavik Hustad (Møre og Romsdal) og Narve Nilssen (Hordaland) som møteleiarar.

### **Punkt 5. Godkjenning av forretningsorden**

#### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting godkjenner forslaget til forretningsorden.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting godkjenner forslaget til forretningsorden.

### **Punkt 6. Val av protokollførarar**

#### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vel Ingeborg Borgen Takle (Hordaland fylkeskommune) og Berit Dianne Kilvær (Hordaland fylkeskommune) som protokollførarar.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Ingeborg Borgen Takle (Hordaland fylkeskommune) og Berit Dianne Kilvær (Hordaland fylkeskommune) som protokollførarar.

### **Punkt 7. Val av protokollunderskrivarar**

**Agnes Hoshovde Bernes** gjorde på vegner av Ungdommens fylkesutval framlegg om Miriam Seim (Lindås) og Jakob Hatland (Voss) som protokollunderskrivarar.

#### **Røysting**

Bernes sitt forslag vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Miriam Seim (Lindås) og Jakob Hatland (Voss) som protokollunderskrivarar.

### **Punkt 8. Val av teljekorps**

**Agnes Hoshovde Bernes** gjorde på vegner av Ungdommens fylkesutval framlegg om Henna Eidsaune (Sør-Trøndelag), Atle Sunde (Sør-Trøndelag), Marija Milanovic (Nordland), Ronja Hammernes (Nordland) og Dag Henrik Nygård (Sogn og Fjordane) som teljekorps.

#### **Røysting**

Bernes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Henna Eidsaune (Sør-Trøndelag), Atle Sunde (Sør-Trøndelag), Marija Milanovic (Nordland), Ronja Hammernes (Nordland) og Dag Henrik Nygård (Sogn og Fjordane) som teljekorps.

### **Punkt 9. Val av redaksjonskomité**

#### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vel Cecilie Fredheim (Ungdommens fylkesutval), Hedda Emilie Hidle (Ungdommens fylkesutval) og Sindre Vik (Granvin) som redaksjonskomite.

**Agnes Hoshovde Bernes** gjorde på vegner av Ungdommens fylkesutval framlegg (1) om å trekkje Sindre Vik (Granvin) som medlem i redaksjonskomiteen.

**Agnes Hoshovde Bernes** gjorde på vegner av Ungdommens fylkesutval framlegg (2) om Anniken Strønen Riise (Bergen) som medlem i redaksjonskomiteen.

#### **Røysting**

Bernes sitt forslag (1) vart samrøystes vedteke.

Bernes sitt forslag (2) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga med Bernes sine forslag vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Cecilie Fredheim (Ungdommens fylkesutval), Hedda Emilie Hidle (Ungdommens fylkesutval) og Anniken Strønen Riise (Bergen) som redaksjonskomite.

## **Punkt 10. Val av valkomité**

### **Innstilling frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vel Maria Vatnøy (tidlegare Ungdommens fylkesutval), Lars Henrik Strømmen Nesse (tidlegare Ungdommens fylkesutval), Martin Blytt (Bergen) og Åsmund Synnevåg (Askøy) som valkomite.

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vel Maria Vatnøy (tidlegare Ungdommens fylkesutval), Lars Henrik Strømmen Nesse (tidlegare Ungdommens fylkesutval), Martin Blytt (Bergen) og Åsmund Synnevåg (Askøy) som valkomite.

## **Punkt 11. Ungdommens fylkesting si årsmelding 2014**

### **Forslag frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting godkjenner årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesting.

### **Røysting**

Forslaget vart samrøystes godkjent.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting godkjenner årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesting.

## **Punkt 12. Ungdommens fylkesting sin rekneskap for 2014**

### **Forslag frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting godkjenner rekneskap for 2014 for Ungdommens fylkesting.

### **Røysting**

Forslaget vart samrøystes godkjent.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting godkjenner rekneskap for 2014 for Ungdommens fylkesting.

## **Punkt 13. Ungdommens fylkesting sitt budsjett 2015**

### **Forslag frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vedtek budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting.

### **Røysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vedtek budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting.

## Punkt 14. Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesting la samrøystes til grunn at ved forslag til endringar av vedtekter vert det stilt krav om 2/3 fleirtal.

### Forslag frå Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesting vedtek endringar i vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval slik dei ligg føre, og ber om at endringane vert førelagt fylkestinget for godkjenning.

**Cecilie Fredheim** sette på vegner av Ungdommens fylkesutval fram slikt forslag:

1. "Gjennom heile vedtektsdokumentet:  
«handlingsprogram» og liknande vert endra til «Ungdommens planprogram»
2. Gjennom heile vedtektsdokumentet  
«desisjonskomité» og liknande vert endra til «kontrollkomité»
3. § 1.2  
«Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Hordaland fylkeskommune og alle dei politiske organa.»  
  
vert endra til  
  
«Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Hordaland fylkeskommune.»
4. § 2.3  
«Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit handlingsprogram for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året, handlingsprogrammet skal også innehalde prioriterte satsingsområde. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.»  
  
vert endra til  
  
«Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit Ungdommens planprogram for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.»
5. § 2.4  
«Handlingsprogrammet er det øvste politiske dokumentet. Oppstår det konflikt mellom handlingsprogrammet og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder handlingsprogrammet som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk.»  
  
vert endra til  
  
«Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet. Formålet med, og oppbygginga av, Ungdommens planprogram er utdjupe i eit eige dokument. Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.»
6. Ny § 2.5

«Ungdommens fylkesutval har muligheita til å gjere redaksjonelle endringar i sine, og Ungdommens fylkesting sine dokument.»

7. § 2.6

«Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.»

vert endra til

«Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting som delegatar. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.»

8. § 2.9

«Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar i samsvar med sakslista til Ungdommens fylkesting.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar i til Ungdommens fylkesting for å orientere om einskilde sakar.»

9. § 2.11

«Ungdommens fylkesting har ordinært møte ein gong i året og møte bør arrangerast i innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesting avhaldas ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.»

10. § 2.14

«Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande handlingsprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.»

vert endra til

«Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande Ungdommens planprogram, forslag til nytt Ungdommens planprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.»

11. § 2.17

«Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringar i vedtektene. Ved stemmeliikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmeliikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemne er tilstade.»

vert endra til

«Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringsforslag til vedtektene – da det blir gjort med 2/3 fleirtal. Ved stemmeliikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmeliikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemne er tilstade.»

12. § 2.18

Det vert foreslått å flytte punktet til å bli paragraf 2.9 og dermed forskyve dei andre punkta under paragraf 2 med eitt nummer, samt ei endring i innhaldet.

«Alle medlemmer og varamedlemer i Ungdommens fylkesutval har delegatstatus med tale-, forslags- og stemmerett. Medlemer av Ungdommens fylkesutval kan ikkje vere representant for sin kommune.»

vert endra til

«Alle medlemmer og varamedlem av Ungdommens fylkesutval er delegatar til Ungdommens fylkesting på lik linje med valte representantar frå kommunane. Medlemer og varamedlem av Ungdommens fylkesutval representerer Ungdommens fylkesutval, og ikkje kommunen dei kjem frå.»

13. § 2.20

«Dersom deltakarar bryt vedtektene til Ungdommens fylkesting kan dei bli heimsende etter vedtak i desisjonskomiteen.»

vert endra til

«Dersom deltakarar bryt vedtektene til Ungdommens fylkesting, eller køyrereglane vedtekne på Ungdommens fylkesting, kan dei bli heimsende etter vedtak i kontrollkomiteen.»

14. § 2.21

«Det skal setjast ned ein eigen valkomité på minimum tre personar på Ungdommens fylkesting. Denne kan vere samansett av avtroppande medlem(er) av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlemmer til Ungdommens fylkesutval og desisjonskomiteen. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine egne medlemmer i nokre av posisjonane.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesting vel ein valkomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlemmer til Ungdommens fylkesutval og kontrollkomiteen. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine egne medlemmer i nokre av posisjonane.»

15. § 2.22

«Redaksjonskomiteen skal bestå av minimum tre personar. Komiteen har i oppgåve å sette opp ein vorderingsorden til vedtak av dei skriftlege dokumenta, dei skal også innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive egne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekke bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillar.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesting vel redaksjonskomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Medlemene vert valt blant deltakarane på Ungdommens fylkesting. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om saker skal realitetsbehandlas kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med



å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekke bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillar.»

16. § 2.23

«Desisjonskomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Desisjonskomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlemmer, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Desisjonskomiteen har observatørstatus på Ungdommens fylkesutval sine møte.»

vert endra til

«Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlemmer, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.»

17. § 2.10

«Andre kan søke om å være gjest eller observatør. Gjestar har ikkje tale-, forslags- og stemmerett, mens observatørar har tale- og forslagsrett. Ungdommens fylkesting kan vedta å gi gjestar talerett i einskildsaker.»

strykast.

18. § 3.1

«Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval har eit særskild ansvar for å arbeide med dei prioriterte satsingsområda i handlingsprogrammet. I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett ved Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.»

19. § 3.5

«Ungdommens fylkesting vel sju medlemmer til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt ei varamannsliste på fem personar. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.»

vert endra til

«Ungdommens fylkesting vel sju medlemmer til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt fem varamedlem. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.»

20. § 3.7

«Alle medlemmar i Ungdommens fylkesutval blir valt ved særskilde val på Ungdommens fylkesting.»

vert endra til

«Alle medlemmar i Ungdommens fylkesutval blir valt ved personval på Ungdommens fylkesting. Det vil sei at ein ikkje kan veljast i blokk.»

21. § 3.8

«Alle regionane bør vere representert. Det bør vere ei balansert samansetjing frå by og land, og kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to. Denne regelen kan sjåast bort i frå med 2/3 fleirtal. Valkomiteen bør også ta omsyn til alder, eigenskapar og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.»

vert endra til

«Det skal vere ei balansert samansetjing frå by og distrikt. Valkomiteen skal også ta omsyn til geografisk spreiding, alder, eigenskapar og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. Desse reglane kan sjåast bort i frå med 2/3 fleirtal. Kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlem skal kvart kjønn vere representert med to. Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.»

22. § 3.14

«Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møttestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlemmer til stades for at Ungdommens fylkesutval kan fatte vedtak.»

vert endra til

«Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møttestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlemmer til stades for at Ungdommens fylkesutval vert vedtaksfør.»

23. Ny § 3.15

«Møte i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.»

24. § 4.1

«Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet.»

endrast til

«Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/oppholdet.»

25. § 5.1

«Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens Fylkesting og Ungdommens Fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter framlegg frå Ungdommens Fylkesting. Ungdommens Fylkesutval kan komme med forslag om vedtektsendringar.»

vert endra til

«Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens Fylkesting og Ungdommens Fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens

Fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.»"

**Erlend Risvand Mo**, desisjonskomiteen, sette fram slikt forslag:

"§ 3.8

Setninga «Desse reglane kan sjåast bort i frå med 2/3 fleirtal.» vert stroke."

### **Røysting**

*Det var 41 røysteføre under røystinga.*

Fredheim sitt forslag (1) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (2) vart vedteke mot 1 røyst.  
Fredheim sitt forslag (3) vart samrøystes vedteken.  
Fredheim sitt forslag (4) vart vedteke mot 8 røyster. 2 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (5) vart samrøystes vedteken.  
Fredheim sitt forslag (6) vart vedteke. 1 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (7) vart samrøystes vedteken.  
Fredheim sitt forslag (8) vart vedteke. 1 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (9) vart vedteke. 1 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (10) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (11) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (12) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (13) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (14) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (15) vart vedteke mot 1 røyst.  
Fredheim sitt forslag (16) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (17) vart vedteke mot 7 røyster. 2 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (18) vart vedteke mot 1 røyst.

*Det var 40 røysteføre under røystinga.*

Fredheim sitt forslag (19) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (20) vart samrøystes vedteke.  
Fredheim sitt forslag (21) vart vedteke. 1 røysta ikkje.  
Mo sitt forslag vart vedteke mot 13 røyster. 1 røysta ikkje.  
Fredheim sitt forslag (21) med Mo sitt forslag vart det endelege vedtaket.

*Det var 39 røysteføre under røystinga.*

Fredheim sitt forslag (22) vart vedteke mot 3 røyster.

*Det var 40 røysteføre under røystinga.*

Fredheim sitt forslag (23) vart samrøystes vedteke.

*Det var 41 røysteføre under røystinga.*

Fredheim sitt forslag (24) vart samrøystes vedteke.

*Det var 40 røysteføre under røystinga.*

Fredheim (25) vart samrøystes vedteke.

Ungdommens fylkesutval sitt forslag med Fredheim og Mo sine forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vedtek slike vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og ber om at desse vert lagt fram for fylkestinget for endeleg godkjenning:

Endringane er markert i teksten

## § 1 Heimelsgrunnlag og formål

- 1.1 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ungdom i Hordaland ha reell medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnsengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval stimulere til politiske engasjement samt få opplæring i og erfaring i demokratiske prosessar.
- 1.2 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgevande organ for Hordaland fylkeskommune ~~og alle dei politiske organa.~~
- 1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremma med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen.

## § 2 Ungdommens fylkesting

- 2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunen sin og ikkje eit politisk parti.
- 2.2 Ungdommens fylkesting sine møte er opne for alle som er interessert.
- 2.3 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval, der Ungdommens fylkesutval rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for kommande periode. Ungdommens fylkesting lagar eit ~~handlingsprogram~~ *Ungdommens planprogram* for kva saker Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det kommande året, ~~handlingsprogrammet skal og innehalde prioriterte satsingsområde.~~ Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdommens fylkesutval.
- 2.4 ~~Handlingsprogrammet~~ *Ungdommens planprogram* er det øvste politiske dokumentet. *Formålet med, og oppbygginga av, handlingsprogrammet* *Ungdommens planprogram* er utdjupa i eit eige dokument. Oppstår det konflikt mellom ~~handlingsprogram~~ *Ungdommens planprogram* og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjeld ~~handlingsprogram~~ *Ungdommens planprogram* som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. *Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.*
- 2.5 *Ungdommens fylkesutval har moglegheita til å gjere redaksjonelle endringar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sine dokument.*
- 2.6 Ungdommens fylkesutval avgjer deltakaravgifta for neste Ungdommens fylkesting.

### Samansetting

- 2.7 Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting *som delegatar*. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.
- 2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.
- 2.9 Alle medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus ~~med tale-, forslags- og stemmerett~~. Medlem og varamedlem av Ungdommens fylkesutval ~~kan ikkje vere representant for sin kommune~~ *representerer Ungdommens fylkesutval, og ikkje kommunen dei kjem frå.*
- 2.10 Ungdommens fylkesting skal så langt som råd ha kjønnsbalanse, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane blir oppfordra til å sende ein gut og ei jente.
- 2.11 Ungdommens fylkesutval kan invitere relevante organisasjonar og personar ~~i samsvar med saklista~~ til Ungdommens fylkesting *for å orientere om einskilde saker.*

## Møte

- 2.12 Ungdommens fylkesting har ordinært møte ~~avholdes~~ ein gong i året og ~~møte bør skal~~ arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.
- 2.13 Dersom Ungdommens fylkesutval finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.
- 2.14 Ungdommens fylkesutval kallar inn til Ungdommens fylkesting to månadar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.15 Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande ~~handlingsprogram~~ *Ungdommens planprogram*, forslag til nytt *Ungdommens planprogram*, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.
- 2.16 Ungdommens fylkesutval innstiller på ~~handlingsprogram~~ *Ungdommens planprogram*, forretningsorden, møteleiingar, protokollskrivarar, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité som så skal godkjennast av Ungdommens fylkesting.
- 2.17 Ungdomsråd og alle mellom 15 og 20 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdommens fylkesutval seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.
- 2.18 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal, med unntak av ~~endringar i~~ *endringarsforslag* til vedtektene – *da det blir gjort med 2/3 fleirtal*. Ved stemmelikskap blir saka teken opp til omvotering, ved framleis stemmelikskap gjer leiaren av Ungdommens fylkesutval si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er tilstade.
- 2.19 På Ungdommens fylkesting bør det vere politisk og administrativ representasjon frå Hordaland fylkeskommune.
- 2.20 Dersom deltakarar bryt vedtektene til Ungdommens fylkesting, *eller køyrereglane vedtekne på Ungdommens fylkesting*, kan dei bli heimsende etter vedtak i ~~desisjonskomiteen~~ *kontrollkomiteen*.

## Komitear

- 2.21 ~~Det skal setjast ned ein eigen valkomité på minimum tre personar på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting vel ein valkomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Denne kan vere samansett av Desse kan veljast mellom~~ avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valkomité, ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal ha minst halvparten av medlemane. Valkomiteen skal innstille på medlem til Ungdommens fylkesutval og ~~desisjonskomiteen~~ *kontrollkomiteen*. Valkomiteen kan ikkje innstille på sine egne medlem i nokre av posisjonane.
- 2.22 ~~Redaksjonskomiteen skal bestå av minimum tre personar. Ungdommens fylkesting vel redaksjonskomité på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval. Medlemene vert valt blant deltakarane på Ungdommens fylkesting. Komiteen har i oppgåve å sette opp ein voteringsorden til vedtak av dei skriftlege dokumenta, dei skal også innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røytinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlas kan endrast om 1/3 røystar for endringa. Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar.~~
- Redaksjonskomiteen kan skrive egne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør redaksjonskomiteen ha ein god dialog med forslagsstillar.
- 2.23 ~~Desisjonskomiteen~~ *Kontrollkomiteen* skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. ~~Desisjonskomiteen~~ *Kontrollkomiteen* skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. ~~Desisjonskomiteen~~ *Kontroll-*

komiteen har observatørstatus *tale- og forslagsrett* på Ungdommens fylkesutval, og *Ungdommens fylkesting*, sine møte.

- 2.24 ~~Desisjonskomiteen~~ Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis handlingsprogram Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det ~~desisjonskomiteen~~ kontrollkomiteen si tolking som gjeld.
- 2.25 Ungdommens fylkesting kan setje ned andre komitear med andre mandat.

### § 3 Ungdommens fylkesutval

- 3.1 Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følgje opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting. *Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett ved Ungdommens fylkesting.* ~~Ungdommens fylkesutval har eit særskild ansvar for å arbeide med dei prioriterte satsingsområda i handlingsprogrammet.~~ I tillegg skal Ungdommens fylkesutval vere eit bindeledd mellom ungdom og Hordaland fylkeskommune.
- 3.2 Ungdommens fylkesutval skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.
- 3.3 Ungdommens fylkesutval skal arrangere Ungdommens fylkesting og fremje Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i media.

### Kontakt med kommunale ungdomsråd

- 3.4 Ungdommens fylkesutval skal ha jamleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdommens fylkesutval skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og i eventuelle nedturar.

### Samansetting

- 3.5 Ungdommens fylkesting vel sju medlem til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt ~~ei varamannsliste på fem personar~~ *fem varamedlem*. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.
- 3.6 Kwart år blir tre styremedlem valt for eitt år og to medlem for to år, på denne måten vil det alltid vere sju medlem. Vara blir valde for eitt år og rangeringa blir gjort på Ungdommens fylkesting. På Ungdommens fylkesting blir det kvart år vald leiar og nestleiar for Ungdommens fylkesutval, desse verva går over eitt år sjølv om vedkommande er vald for to år. I ekstraordinære høve kan Ungdommens fylkesutval konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmer av Ungdommens fylkesutval.
- 3.7 Alle medlem i Ungdommens fylkesutval blir valde ved ~~særskilde personval~~ på Ungdommens fylkesting. *Det vil sei at ein ikkje kan veljast i blokk.*
- 3.8 ~~Alle regionane bør vere representert. Det bør skal~~ vere ei balansert samansetjing frå by og land *distrikt*, og kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to. Denne regelen kan sjåast bort i frå med 2/3 fleirtal. Valkomiteen ~~bør~~ skal også ta omsyn til *geografisk spreining*, alder, eigenskapar og kontinuitet når dei legg fram innstillinga si. *Kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova som seier at i utval med seks til åtte medlemmer skal kvar kjønn vere representert med minst tre, og når det gjeld dei fem varamedlemene skal kvart kjønn vere representert med to.* Ungdommens fylkesutval skal vere partipolitisk nøytralt.
- 3.9 Ungdommens fylkesutval fordelar mellom sine medlemmer ansvar for intern koordinering av si saksbehandling opp mot fylkeskommunen sine ulike avdelingar og politiske utval.
- 3.10 Ungdommens fylkesutval kan sette ned komitear ved behov.

- 3.11 Ved fråfall frå eit fast medlem av Ungdommens fylkesutval blir fyrst vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

#### **Møte**

- 3.12 Ungdommens fylkesutval fastset sjølv møteplan.
- 3.13 Leiar er ansvarlig for at det blir kalla inn til møter, at det blir laga sakliste og at møtebok blir skriven.
- 3.14 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdommens fylkesutval. Ved stemmelikskap gjer møtestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fire medlem til stades for at Ungdommens fylkesutval ~~kan fatte vedtak~~ ~~vert vedtaksfør~~.
- 3.15 *Møte i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.*

#### **§ 4 Rusmiddel**

- 4.1 Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/*opphaldet*.

#### **§ 5 Endring av vedtekter**

- 5.1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter ~~framlegg forslag~~ frå Ungdommens Fylkesting. ~~Ungdommens fylkesutval kan komme med forslag om vedtektsendringar. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.~~

### **Punkt 15. Handsaming av handlingsprogram med satsingsområde**

#### **Forslag frå Ungdommens fylkesutval**

Ungdommens fylkesting vedtek handlingsprogrammet (Ungdommens planprogram 2015) slik det vart lagt fram for tinget.

**Lars Helle**, Ungdommens fylkesutval, sette fram slikt forslag:

«Opplæring og helse, endringsforslag - under mål 2  
«Tilbakemelding frå elevar i den vidaregåande skulen er særskilt viktig, og UFT går imot offentleggjering av karakterar i den vidaregåande skulen.»

vert endra til

«Tilbakemelding frå elevar i den vidaregåande skulen er særskilt viktig.»»

**Vegard Kleppe**, Ungdommens fylkesutval, sette fram slikt forslag:

«Opplæring og helse, endringsforslag - under mål 3  
«c. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekket av grunnstipendet.»

vert endra til

«c. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekket av grunnstipendet, og særskilt sjå på utdanningstilbodet studiespesialisering med teknologifag.»»

**Carl Sander McClellan Steine**, Kvam, sette fram slikt forslag:

«Opplæring og helse, tilleggslag – under mål 4

b) UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.»

**Sunniva Haustveit**, Ullensvang, sette fram slikt forslag:

«Opplæring og helse, tilleggsforslag - under mål 8

d) UFU skal arbeide for meir frukt i skulen og tilbod om gratis skulefrukt.»

**Anniken Strønen Riise**, Bergen, sette fram slikt forslag:

«Opplæring og helse, endringsforslag - under mål 9

9. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.

«a. UFU skal aktivt jobbe for at det skal gis fleire midlar til helsesøstrer, skolepsykologar og miljøarbeidarar.»

vert endra til

«a. UFU skal aktivt jobbe for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga og skolepsykologar, og at miljøterapeutar skal ha 100% stillingar.»»

**Vegard Kleppe**, Ungdommens fylkesutval, sette fram slikt forslag:

«Kultur og ressurs, tilleggsforslag – under mål 1

e) UFU skal aktivt jobbe for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skuler i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Røde kors.»

**Oskar Kienitz**, Samnanger, sette fram slikt forslag:

«Kultur og ressurs, tilleggsforslag – under mål 4

b) UFU bør jobbe for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.»

**Tarikwa Reigstad**, Osterøy, sette fram slikt forslag:

«Kultur og ressurs, tilleggsforslag – under mål 4

c) UFU skal jobbe for at fylkesbiblioteka og biblioteka ved vidaregåande skular skal bli meir synlege blant ungdom.»

**Martin Blytt**, Bergen, og **Anniken Strønen Riise**, Bergen, sette fram slikt forslag:

«Samferdsel, tilleggsforslag – under mål 1

h) UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde under busstider med nattakst.»

**Henrik Lanesskog Berg**, Voss, sette fram slikt forslag:

«Samferdsel, tilleggsforslag – under mål 1

i) UFU skal arbeide for at ungdomsskyss skal kunne vere mogleg å bruke på flybussen strekning Bergen sentrum - Flesland.»

**Oscar Kienitz**, Samnanger, sette fram slikt forslag:

«Samferdsel, tilleggsforslag – under mål 2

f) UFU bør jobbe for at Skyss og NSB bør korrespondere betre enn det dei gjør i dag over heile Hordaland.»

**Agnes Hoshovde Bernes**, Ungdommens fylkesutval, sette fram slikt forslag:



«Samferdsel, vert stroke:

3. Utvidinga av ordninga Trygt Heim skal halde fram, og UFT ynskjer at den skal gjelde i heile fylket og til utvida klokkeslett.

- a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående Trygt Heim og planar rundt dette.
- b. UFU kan fremje forslag til endringar dersom det er aktuelt.»

**Oda Mo Eikefet**, Modalen, og Alva Kjensli, Modalen, sette fram slikt forslag:

«Eigen organisasjon, tilleggsforslag – under mål 2

c) UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.»

**Oda Mo Eikefet**, Modalen, og Alva Kjensli, Modalen, sette fram slikt forslag:

«Eigen organisasjon, tilleggsforslag - under mål 2

d) UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.»

## **Røysting**

*Det var 40 røysteføre under røystinga.*

Helle Fauske sitt forslag vart vedteke mot 9 røyster. 2 røysta ikkje.

Kleppe sitt forslag fekk 11 røyster og fall. 3 røysta ikkje.

Steine sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster. 2 røysta ikkje.

Haustveit sitt forslag vart vedteke mot 8 røyster. 2 røysta ikkje.

Strønen Riise sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster. 6 røysta ikkje.

Kleppe sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster. 9 røysta ikkje.

Kienitz sitt forslag vart vedteke mot 14 røyster. 2 røysta ikkje.

Reigstad sitt forslag fekk 17 røyster og fall. 3 røysta ikkje.

Blytt og Strønen Riise sitt forslag vart vedteke. 1 røysta ikkje.

Lanesskog Berg sitt forslag fekk 1 røyst og fall. 4 røysta ikkje.

Kienitz sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster. 3 røysta ikkje.

Hoshovde Bernes sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst. 6 røysta ikkje.

Eikefet og Kjensli sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster. 1 røysta ikkje.

Eikefet og Kjensli sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster. 2 røysta ikkje.

Ungdommens fylkesutval sitt forslag med dei vedtekne forslaga frå Helle Fauske, Steine, Haustveit, Strønen Riise, Kleppe, Kienitz, Blytt og Strønen Riise, Hoshovde Bernes og Eikefet Kjensli vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vedtek slikt handlingsprogram (Ungdommens planprogram) 2015 :

## **Visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting**

### **Visjon**

**Ungdom fører Hordaland vidare**

## Verdiar



### **Involverande**

Vi er bindeleddet mellom ungdom i Hordaland og fylkeskommunen. Vi fokuserer på eit godt samarbeid og aktiv inkludering av ungdom i politikken.



### **Framtidsretta**

Vi ser framover og påverkar politikken i Hordaland til det beste for ungdom i framtida.



### **Slagkraftig**

Vi kjempar hardt for at ungdom skal bli høyrd og få størst mogeleg påverknadskraft i fylkespolitikken.

## Del 1: Mål for perioden

*Andre del av Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sine mål for perioden. Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ønskjer å oppnå.*

### **Opplæring og helse**

UFT meiner..

1. Studieveiledingstenesta og rådgivingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørt studieveiledingsteneste, anonym rådgivarevaluering, og/eller ein rådgivingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieeval.
2. Tilbakemelding frå elevar i skulen er særskild viktig.
3. Det skal ikkje leggast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går ut over det eit grunnstipendstipend dekkjer.
4. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.
5. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
6. Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovlig grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.
7. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.
8. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
9. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
10. Det bør leggast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.



11. God fysisk helse blant ungdom i fylket bør fremjast gjennom meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen.

5. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.

## **Kultur og ressurs**

UFT meiner..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.
2. Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetrast.
3. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.
4. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
5. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.

*Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon, vurdering og forslag til tiltak for neste år.*

## **Samferdsel**

UFT meiner..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
3. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.

## **Eigen organisasjon**

UFT meiner..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
3. Det skal vere eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom.
4. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.

## Del 3: Tiltak

Tredje del av Ungdommens planprogram er tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål.

Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden, og vert vedteke for eitt år.

### Opplæring og helse

UFT meiner at..

- 1. Studierettleiingstenesta og rådgivingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørt studierettleiingsteneste, anonym rådgivarevaluering, og/eller ein rådgivingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.**
  - a. UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFU skal og fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2016.
- 2. Tilbakemelding frå elevar i den vidaregåande skulen er særst viktig.**
  - a. UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.
  - b. UFU skal arbeide for at alle elevar i vidaregåande opplæring anonymt skal evaluere undervisningseigenskapane til alle sine faglærarar i løpet av skuleåret.
  - c. UFU skal arbeide for at klagerett på vurdering av førstetermin bør vidareførast og innførast på skular der dette ikkje allereie fins.
  - d. UFU skal arbeide for innføring av klagerett ved munnleg eksamen.
  - e. UFU skal jobbe for at det skal innførast prøveundervisningsperiodar i samanheng med tilsetjing av nye lærarar i den vidaregåande skulen. Ved slutten av perioden skal elevane få mogeligheta til å evaluere læraren.
- 3. Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipendstipend dekkjer.**
  - a. UFU skal ta saka vidare til politikarane dersom det er aktuelt.
  - b. UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
  - c. UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.
- 4. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.**
  - a. UFU skal arbeide for at dersom ei endring i utdanningstilbodet førekjem skal Hordaland fylkeskommune kontakte dei aktuelle elevane det går utover og ta deira meining med i sakshandsaminga.
  - b. UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktkulane skal bestå.
- 5. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.**
  - a. UFU skal arbeide for å opprette eit elev- og lærlingombod. UFU kan søkje å samarbeide med Elevorganisasjonen for å formulere eit forslag til korleis det kan gjerast og å spele det inn som eit forslag til budsjettet.
  - b. UFU bør jobbe for å sikre at elevane som går på skular som baserer seg på nettbaserte bøker og læringsplattformer får tilbod om lærebøker i alle fag.
  - c. UFU skal arbeide for at tilbodet om innføringsklassar i den vidaregåande skulen skal dekkje behovet.
- 6. Fráværsglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovlig grunn for frávær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.**
  - a. UFU skal jobbe for at alle elever og lærarar ved dei vidaregåande skulane i fylket skal vere opplyst om, og følgje, gjeldande fráværsglement vedtatt av fylket, samt at praktiseringa av reglementet skal vere lik for alle.



**7. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.**

- a. UFU skal arbeide for at bruk av tannhelsetenestene ikkje skal medføre store ulemper for ungdom i fylket, slik som til dømes lang reisetid og høge prisar.
- b. UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.
- c. UFU skal jobbe for å utvide gratis tannhelseteneste ut året ein fyller 20 år, og utvide rabattordninga til fylte 25 år.

**8. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom**

- a. UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide med dei om utviklinga av planen for sunnare mat i kantinene ved vidaregåande skuler i Hordaland.
- b. UFU skal be om plass i arbeidsgruppa som skal arbeide med sunnare mat i kantiner ved vidaregåande skuler.
- c. UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kommer på rulling.
- d. UFU skal arbeide for meir frukt i skulen og tilbod om gratis skulefrukt.

**9. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.**

- a. UFU skal aktivt jobbe for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga og skulepsykologar, og at miljøterapeutar skal ha 100% stillingar.
- b. UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skulepsykologar og miljøarbeidarar skal øymerkes til førebyggjande tiltak.
- c. UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlige samtaler/presentasjonar for kvar klasse der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjøre for å betre eigen helse.
- d. UFU skal arbeide for at det skal opplysast om den psykiske helsa til lhbt-ungdom, og ha eit fokus på å fremje god psykisk helse blant denne gruppa.

**10. Det bør leggjast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.**

- a. UFU skal be om ein orientering om tiltaket omvendt undervisning frå andre fylkeskommunar og relevante aktørar.
- b. UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om ei prøveordning med omvendt undervisning eller anna alternativ undervisning.

**11. God fysisk helse blant ungdom i fylket bør fremjast gjennom meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen.**

- a. UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga angående mogelighetene for meir fysisk aktivitet i skulen.
- b. UFU skal søkje samarbeid med andre fylke for å auke timetalet for faget kroppsøving.

## **Kultur og ressurs**

UFT meiner at..

**1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.**

- a. UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.
- b. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.
- c. UFU skal føreslå innføring av skulefrukt i vidaregåande skule til folkehelseplanen.
- d. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elever.
- e. UFU skal aktivt jobbe for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skuler i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Røde kors.

**2. Kulturtilbudet til ungdom skal halde fram og forberast.**

- a. UFU skal bidra til at HFKopp og tilboda det gir skal halde fram og utvidast gjennom samarbeid med Kulturavdelinga.
- b. UFU skal jobbe for at det blir fleire kulturtilbod i skulen.
- c. UFU kan samarbeide med fylkeskommunen om å styrke, modernisere og gjere museum meir attraktive for ungdom
- d. UFU skal jobbe for at Hordaland fylkeskommune gjennom HFK opp skal gi ungdom i Hordaland billigare tilbod på aktivitetar og rabattar på for eksempel offentlege symjehallar og store idrettsarrangement.

**3. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.**

- a. UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.
- b. UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.
- c. UFU skal arbeide for meir miljøvennlige fylkeskommunale bygg, med særleg fokus på vidaregåande skular.

**4. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.**

- a. UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvennlige bibliotek.
- b. UFU bør jobbe for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.

**5. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.**

- a. UFU skal føreslå ein auka post i budsjettet til dette.

## Samferdsel

UFT meiner at..

**1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.**

- a. UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per måned.
- b. UFU skal jobbe for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.
- c. UFU skal jobbe for at barnepreis på kollektivtransport i fylket skal gjelde til fylte 18 år.
- d. UFU bør ta sikte på å korte ned grensa for SkuleSkyss.
- e. UFU skal jobbe for at ungdomskortet gjelder både lokaltog og regionaltog innanfor fylket.
- f. UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket.
- g. UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.
- h. UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde under busstider med nattakst.

**2. Kollektivtilbudet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.**

- a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggast opp.
- b. UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket, med særskilt fokus på avgangar i distrikta, tilpassa skuletider og korrespondanse mellom avgangar, både innanfor same transporttype og på tvers.
- c. UFU bør snakka med skyss om endring av busstider mellom Bergen og Voss med tanke på dagens situasjon der buss og tog går samstundes.



- d. UFU skal jobbe for at nattbuss tilbudet i fylket skal både opprettast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.
  - e. UFU skal samarbeide med ungdomsråd i fylket for å kartleggje behov for utbetring av kollektivtransport og spele dette inn til Samferdelsavdelinga.
  - f. UFU bør jobbe for at Skyss og NSB bør korrespondere betre enn det dei gjør i dag over heile Hordaland.
- 3. Utvidinga av ordninga Trygt Heim skal halde fram, og UFT ynskjer at den skal gjelde i heile fylket og til utvida klokkeslett.**
- a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående Trygt Heim og planar rundt dette.
  - b. UFU kan fremje forslag til endringar dersom det er aktuelt.
- 4. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.**
- a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.
  - b. UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.

## Eigen organisasjon

UFT meiner at..

- 1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.**
  - a. UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.
  - b. UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; Kultur- og ressurs, Opplæring- og helse og Samferdsel.
  - c. UFU skal førebu seg til alle møta og halde seg oppdatert om kva som er aktuelt for ungdom.
  - d. UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.
- 2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.**
  - a. UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
  - b. UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.
  - c. UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.
  - d. UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.
- 3. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.**
  - a. UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saka.
  - b. UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.
  - c. UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Nasjonalt ungdomsråd.
  - d. UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.

- 4. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.**
- UFU skal utarbeide ein betre heimeside med meir informasjon.
  - UFU skal leggje ut minimum fire sakar i månaden.
  - UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, på fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.
  - UFU skal ha minst seks sakar i media i løpet av 2015.
  - UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
  - UFU skal presentere seg og sakane til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2015.
- 5. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.**
- UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.
  - UFU skal ein gang i året arrangere ein dialogdag for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der dei presenterer seg for råda og forklarar kva UFU arbeider med.
  - UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.

## Punkt 16. Val av Ungdommens fylkesutval.

Valkomiteen si innstilling til Ungdommens fylkesutval for 2015 vart presentert på møtet:

Namn	Kommune	Alder	Verv	Periode
Agnes Hoshovde Bernes	Radøy	20 år	Leiar	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Sund	16 år	Nestleiar	Ikkje på val
Hedda Emilie Hidle	Bømlo	15 år	Medlem	Ikkje på val
Oda Mo Eikefet	Modalen	16 år	Medlem	2 år
Henrik Tvedt	Fjell	16 år	Medlem	2 år
Miriam Seim	Lindås	19 år	Medlem	1 år
Gard Johanson	Bergen	17 år	Medlem	1 år
Anniken Strønen Riise	Bergen	16 år	1. vara	1 år
Katrine Riber Garen	Eidfjord	16 år	2. vara	1 år
Erik Namtvedt Pedersen	Austevoll	16 år	3. vara	1 år
Sunniva Grov Framnes	Stord	16 år	4. vara	1 år
Kristoffer Spissøy	Stord	16 år	5. vara	1 år

Valkomiteen si innstilling til desisjonskomite for 2015 vart presentert på møtet:

Namn	Kommune	Alder	Verv	Periode
Cecilie Fredheim	Odda	20 år	Leiar	1 år
Erlend Risvand Mo	Askøy	18 år	Medlem	1 år
Oscar Kienitz	Samnanger	16 år	Medlem	1 år

**Miriam Seim**, Lindås, sette fram slikt forslag:

«Gard Johanson vert innstilt som nestleiar Ungdommens fylkesutval.»

**Stine Hegdal**, Ungdommens fylkesutval, sette fram slikt forslag:

«Stine Hegdal vert innstilt som 4. varamedlem i Ungdommens fylkesutval.»

**Erlend Risvand Mo**, Askøy, trakk sitt kandidatur som medlem i desisjonskomiteen.

**Erlend Risvand Mo**, Askøy, sette fram slikt forslag:

«Stine Hegdal vert innstilt som medlem i desisjonskomiteen.»



På grunn av val med fleire kandidatar til Ungdommens fylkesutval, var det ønskje om skriftleg val. Teljekorpset talde røystene.

### Røysting

Seim sitt forslag vart vedteke.

Hegdal sitt forslag fall.

Valkomiteen sitt forslag, med Seim sitt forslag, vart vedteke med akklamasjon.

Mo sitt forslag vart vedteke.

Valkomiteen sitt forslag, med Mo sitt forslag, vart vedteke med akklamasjon.

### Vedtak

Ungdommens fylkesting vel følgjande til Ungdommens fylkesutval 2015:

Namn	Kommune	Verv	Periode
Agnes Hoshovde Bernes	Radøy	Leiar	1 år
Gard Johanson	Bergen	Nestleiar	1 år
Hedda Emilie Hidle	Bømlo	Medlem	Ikkje på val
Oda Mo Eikefet	Modalen	Medlem	2 år
Henrik Tvedt	Fjell	Medlem	2 år
Miriam Seim	Lindås	Medlem	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Sund	Medlem	Ikkje på val
Anniken Strønen Riise	Bergen	1. vara	1 år
Katrine Riber Garen	Eidfjord	2. vara	1 år
Erik Namtvedt Pedersen	Austevoll	3. vara	1 år
Sunniva Grov Framnes	Stord	4. vara	1 år
Kristoffer Spissøy	Stord	5. vara	1 år

Ungdommens fylkesting vel følgjande til desisjonskomiteen 2015:

Namn	Kommune	Verv	Periode
Cecilie Fredheim	Odda	Leiar	1 år
Stine Hegdal	Austevoll	Medlem	1 år
Oscar Kienitz	Samnanger	Medlem	1 år



Miriam Seim  
Lindås



Jakob Hatland  
Voss



Ingeborg Borgen Takle  
Protokollfører



Berit Dianne Kilvær  
Protokollfører

